

Forskrift om folkevalde sine arbeidsvilkår
Austrheim kommune 2020



Vedteke: Austrheim kommunestyre 18.06.2020 - Sak 073/20

Innhald

Folkevalde sine rettar og plikter.....	3
Heimel, definisjon og valbarheit	3
Folkevalde sine rettar.....	3
Folkevalde sine plikter.....	4
Dekking av utgifter og økonomiske tap.....	4
Tap av inntekt.....	4
Reisegodtgjersle	5
Innsending av krav om tapt arbeidsforteneste og utbetaling.....	5
Godtgjersle til folkevalde	6
Ordførar, varaordførar og formannskap	6
Andre folkevalde	7
Godtgjersle til stemmestyra ved Stortingsval og Fylkes- og kommunestyreval	7
Støtteordningar til politiske parti og lister som har representanter i kommunestyret	7
Justering, tolking, revidering og ikraftsetjing av reglementet	8
Justering av satsar	8
Tolkingar og tvilsspørsmål	8
Revisjon av reglement	8
Ikraftsetjing	8

Folkevalde sine rettar og plikter

Heimel, definisjon og valbarheit

Dei folkevalde sine rettar og plikter følgjer av kommunelova, forvaltningslova og kommunestyret sine egne vedtak.

Folkevalde er dei som er medlem av kommunestyret eller anna folkevald organ (jf. Kommunelova §§5-1 og 5-2)

Ein person er valbar og pliktar å ta i mot val dersom følgjande vilkår er oppfylgde: (jf. Kommunelova § 7-2, 3. ledd)

- Personen har stemmerett ved kommunestyre- og fylkestingsval
- Personen er innført i folkeregisterert som busett i Austrheim kommune på tidspunktet for det aktuelle valet
- Personen har gitt skriftleg samtykke til å stilla til val
- Personar som ikkje har nådd stemmerettsalder, men som fyller vilkåra for valbarheit og stemmerett er valbare, men ikkje pliktige til å ta i mot val

Folkevalde sine rettar

Folkevalde har rett til:

1. Å få fri frå sitt arbeid i det omfang som er naudsynt på grunn av møteplikt i kommunale utval/organ (jamfør kommunelova § 8-2, 1. ledd).
2. Å få innvilga permisjon frå sitt arbeid i valperioden for å utføra heil- eller deltids kommunalt verv, til dømes permisjon til å utføra vervet som ordførar (jamfør kommunelova § 8-2, 2. ledd).
3. Å søkje om fritak frå vervet, for eit kortare tidsrom eller resten av valperioden, dersom vedkommande ikkje utan «uforholdsmessige» vanskar eller belastning kan skjømte sine plikter i vervet (jamfør kommunelova § 7-9, 2. ledd).
4. Å be om fritak frå å delta ved handsaming av ei sak når vektige personlege grunnar tilseier dette (jamfør kommunelova § 11-11).
5. Å få dekkja utgifter og økonomiske tap som følgjer av vervet (jamfør kommunelova § 8-3, 1. og 2. ledd).
6. Å få godtgjersle for arbeidet som folkevald (jamfør kommunelova § 8-4).
7. Å få innsyn i saksdokument og til informasjon om saker under handsaming.
8. Å få opplæring om grunnleggjande prinsipp for kommunal verksemd, i byrjinga av valperioden. Ein kan i løpet av perioden vurdere om ein skal gjennomføre opplæring utover dei grunnleggjande kursa for folkevalde. Ordførar og rådmann har ansvar for å setje i verk opplæringa.
9. Å få godtgjersle for sitt arbeid som folkevald og få dekkja utgifter og økonomisk tap som følgje av vervet.

Folkevalde sine plikter

Den folkevalde har plikt til:

1. Å ta i mot val til kommunale organ (med unntak av der kommunelova og vallova opnar for fritak) Kommunelova § 7 -2 og valglova § 3- 3).
2. Å delta i møter i kommunale organ der vedkomande er valt til medlem med mindre han/ ho har gyldig forfall (jamfør kommunelova 8-1, 1. ledd).
3. I god tid å seie frå om forhold som gjer, eller kan gjera vedkomande inhabil (forvaltningslova kapittel 2. § 8, 3. ledd og kommunelova § 11-10).
4. Å avgi stemme når ei sak blir teken opp til avrøysting, berre ved val og tilsetjing er det løyve til å stemme blankt. (kommunelova § 8-1, 2. ledd).
5. Å melde skriftleg forfall med grunngjeving om vedkomande ikkje kan stille i eit møte.

Dei folkevalde plikter lojalt å halde dei lover, forskrifter og reglement som til ei kvar tid gjeld for folkevalde i Austrheim kommune.

Dei folkevalde pliktar å setje seg inn i og gjera seg kjent med Austrheim kommune sine etiske retningslinjer.

Ferielova gjeld ikkje for folkevalde (Ferielova § 2) og dei har ikkje krav på feriefritid og feriepenger.

I tidsrommet frå månadsskifte juni/juli og til midten av august er det som hovudregel ingen ordinære møter i dei folkevalde organa. Perioden vert rekna som «møteferie». Det same gjeld romjul og påske.

Dekking av utgifter og økonomiske tap

Tap av inntekt

Folkevalde i Austrheim kommune har rett til vederlag for tap i ordinær arbeidsinntekt og/eller utgifter t.d. utgifter til barnepass/vikar som er ei følgje av vervet (Kommunelova § 8-3.)

Tapt arbeidsforteneste vert i hovudregelen berre utbetalt for møte i vanleg arbeidstid (kl. 08.00 – 16.00)

Folkevalde som heilt eller delvis er frikjøpt frå sitt arbeid har som hovudregel ikkje krav på vederlag for tap av alminneleg løn eller arbeidsinntekt.

1. Dokumentert tap av arbeidsinntekt vert dekkja med faktisk tap, men ikkje utover 1/220 av gjeldande ordførarløn per møtedag (Pr. 01.01.2020 kr 4500,-). Tilsvarande per time ikkje utover 1/1950 av gjeldande ordførarløn (Pr. 01.01.2020 kr 500,-).

Krav til dokumentasjon ved krav om tapt arbeidsforteneste:

- a. Attest frå arbeidsgjevar der det er dokumentert trekk i løn med dato og for når trekket gjeld, beløpet som er trekt og om det omfattar feriepengar. eller
 - b. Refusjonskrav frå arbeidsgjevar, pga. politisk arbeid for Austrheim kommune.
2. Ikkje dokumentert tap av arbeidsinntekt vert i utgangspunktet ikkje dekkja. For å få dekkja tapt arbeidsinntekt og /eller utgifter i samband med møte er det eit vilkår at det ligg føre eit faktisk økonomisk tap/utgift, som til dømes barnevakt. Den folkevalde må synleggjere at ein må forsømme sine ordinære gjeremål for å delta på politiske møte, og kan då få vederlag etter søknad. Maksimalt beløp er 40 prosent av dagsløn for ordførar (Pr. 01.01.2020 kr 4500,- altså 1.800 kroner).
3. Sjølvstendig næringsdrivande må dokumentere tap av inntekt med kopi av skattemelding og eigenmelding som sannsynleggjer kravet. Dette må vedkomande gjere skriftleg, kvart år. Det er kun dokumentert og faktisk tap av inntekt i næring som gjev rett til vederlag, og ikkje utover 1/220 av gjeldande ordførarløn per møtedag (Pr. 01.01.2020 kr 4500,-) Hovudregelen er at sjølvstendig næringsdrivande får kompensasjon for tap av inntekt fram til kl. 16.00 møtedagen.
4. Folkevalde som har arbeidstida si regulert etter skift- eller turnusplanar, eller på annan måte ikkje har fast arbeidstid, og som følgje av dette har fri utanom helg, kan få erstatta møtedag på fridagen. Dette skjer etter reglane i punkt 1, som søknad med dokumentasjon på tapt arbeidsinntekt. Søknad utan dokumentert tap av arbeidsinntekt kan bli erstatta etter reglane i punkt 2.

Reisegodtgjersle

Dei folkevalde får dekkja skyss og kostgodtgjersle etter det kommunale regulativet for reiser i kommunal teneste utanfor kommunen. Det kommunale reiseregulativet vert nytta (jf. Statens reiseregulativ) og den folkevalde har sjølv ansvar for å dokumente eigne tap/ utgifter knytt til reisa. Krav må vere levert økonomikontoret innan den 15. i månaden. Så langt det er råd skal folkevalde nytta sams framkomstmiddel.

Innsending av krav om tapt arbeidsforteneste og utbetaling

Den folkevalde har sjølv ansvar for å sende inn krav om vederlag for tapt arbeidsinntekt/ utgifter. Kravet skal sendast til Austrheim kommune v/Servicekontoret, post@austrheim.kommune.no. Kravet må sendast så snart som råd og seinast 3 månader etter at kostnaden oppsto.

Godtgjersle til folkevalde

- Den som har eit kommunalt tillitsverv har krav på godtgjersle for arbeidet som vert utført etter nærare reglar fastsett av kommunestyre sjølv (kommunelova § 8-4).
- Møtegodtgjersla skal vurderast kvart år i samband med handsaming av budsjettet.
- Folkevalde får berre utbetalt møtegodtgjersle for dei møta dei har delteke i.
- Folkevalde har ikkje noko tilsettingsforhold i kommunen og godtgjersla er ikkje løn. Godtgjersla er kompensasjon for arbeidet som tillitsvalt og blir innrapportert som skattepliktig inntekt.
- Møtegodtgjersle gir ikkje rett til feriepengar
- Møtegodtgjersle gir ikkje grunnlag for sjukepengar
- I dei høve det er fleire møte etter kvarandre på ein dag, blir det berre utbetalt ei godtgjersle
- Vara som deltek i handsaming av einskildsaker får halv godtgjersle
- Ved digitale møte/telefonmøte vert det gjeve halv godtgjersle, med mindre møtet varer over 2 timar.
- Tilsette i Austrheim kommune, som deltek i møte i kraft av si stilling, får ikkje utbetalt møtegodtgjersle.
- Arbeidstakarane sine representantar i kommunale styringsorgan, har dei samme rettane som folkevalde.
- Møtegodtgjersle blir betalt ut 2 gonger pr. år. Sekretær for utvala har ansvar for å føre protokoll over frammøte, og levere dette grunnlaget for utbetaling til Økonomikontoret.

Ordførar, varaordførar, formannskap og leiar av kontrollutvalet

Ordførar på heiltid har godtgjersle lik stortingsrepresentant si løn. Godtgjersla dekker arbeidet som ordførar, medrekna møtegodtgjersle og leiaroppgåver i politiske organ der ordføraren er medlem og leiar. Ordførar har kommunal telefon.

Ordførar har krav på ettergodtgjersle ved utløp av valperioden i inntil 3 mnd. Ettergodtgjersle opphøyrer når vedkomande trer inn i ny eller eksisterande stilling, eller tar ut folketrygd.

Varaordførar får ei fast årleg godtgjersle på 9% av ordføraren si godtgjersle. Godtgjersla dekker møtegodtgjersle i politiske organ oppnemnd av kommunestyret, representasjonsoppgåver og kortare vikaroppdrag for ordførar (inntil ei veke). Ved lengre vikaroppdrag vert varaordførar godtgjort tilsvarande ordføraren.

Formannskapet sine medlemmer har fast årleg godtgjersle som tilsvarer 5% av ordføraren si godtgjersle. Dette dekker møtegodtgjersle i politiske organ oppnemnd av kommunestyret og representasjonsoppgåver. Godtgjering til formannskapet vert utbetalt to gonger i året, sommar og vinter. Fråver på meir enn 1/3 av i kalenderåret fører til reduksjon på 25%, dette vert motrekna ved andre utbetaling for året.

Varamedlem som møter i formannskapet meir enn 1/3 av møta i kalenderåret, får utbetalt så stor del av den faste godtgjersla som vedkomane har delteke på møte. Dette vert motrekna ved andre utbetaling for året. (% møtedeltaking = % av den faste årlege godtgjersla)

Leiar av kontrollutvalet får ei fast årleg godtgjersle på 3% av ordføraren si godtgjersle. Godtgjersla dekker møtegodtgjersle for møter i kontrollutvalet og leiaroppgåver. For møter utover 6 møter vert det betalt ei godtgjersle på 0,4 % av ordføraren si godtgjersle per møte.

Andre folkevalde

Dei andre utvala er inndelt i grupper:

Gruppe I: Medlemmer i kommunestyret, vara til kommunestyret, vara til formannskap og vara til administrasjonsutvalet

Gruppe II: Medlemmer i kontrollutvalet

Gruppe III: Medlemmer i andre kommunale nemder, styre, råd og utval som er valde av kommunestyre, formannskap og medlemmer i lovpålagde utval: Som til dømes eldreråd, råd for menneske med nedsett funksjonsevne, ungdomsråd og mellombelse utval

Gruppe IV: Folkevalde som er valt inn i Samarbeidsutvala (SU) ved skule og barnehage

Leiarar i gruppe III skal ha dobbelt møtetillegg for dei møta dei stiller på.

Godtgjersle til stemmestyra ved Stortingsval og Fylkes- og kommunestyreval

Leiar i stemmestyret og deltaking på valdagen gjev ei godtgjersle tilsvarande to gonger satsen for gruppe I, tilsvarande medlem til kommunestyre med fleire.

Medlem i stemmestyret og deltaking på valdagen gjev ei godtgjersle tilsvarande gruppe I, tilsvarande medlem til kommunestyre med fleire.

Deltaking på kurskveld for leiar og medlem i stemmestyra gjev ei godtgjersle tilsvarande gruppe I, tilsvarande medlem til kommunestyre med fleire.

Støtteordningar til politiske parti og lister som har representanter i kommunestyret

1. Kommunestyret løyver kommunale midlar til dei politiske partia og dei listene som til ei kvar tid er representerte i kommunestyret. Kommunestyret fastsett kvart år ein budsjettpost som vert fordelt på partia/listene etter den statlege fordelingsnøkkelen.
2. Politiske parti og lister som er representerte i kommunestyret kan kostnadsfritt låne møterom i kommunale bygg, dvs. skulane og Seniorsenteret. Møterom på kommunehuset kan kun nyttast av dei som ellers har tilgang til huset. Ein føresetnad for gratis utlån er at lokala vert bestilt på førehand og at dei ikkje er leigde ut til andre. Vidare er det ein føresetnad at lokala blir nytta til møteverksemd eller anna politisk arbeid som ikkje er inntektsgjevande.

Justering, tolking, revidering og ikraftsetjing av reglementet

Justering av satsar

Satsane for utbetaling skal auke gradvis framover til 2023 etter følgjande tabell:

Gruppe	2019	2020	2021	2022	2023
Gruppe I	500	600	800	1000	1200
Gruppe II	400	500	600	700	800
Gruppe III	250	300	350	450	500
Gruppe IV	150	200	250	300	300

Etter 2023 skal satsane justerast årleg i samband med budsjetthandsaming.

Tolkingar og tvilsspørsmål

Formannskapet skal handsame klager i samband med reglane om godtgjersle og tapt arbeidsforteneste for folkevalde.

Formannskapet har endeleg avgjerdsrett.

Revisjon av reglement

Reglement skal reviderast i kvar kommunestyreperiode, og vedtak skal gjerast innan 1. juli i valåret.

Ikraftsetjing

Reglementet er gjeldande frå 1. januar 2020.

Vedteke i kommunestyret 18. juni 2020.